



Føresetnader for lokal aksept for vidare kraftutbygging

Av ordførar Arne Vinje
Vinje kommune


Noregs energidagar, Oslo 13.10. 2011



Om kraftkommunen Vinje

- 3 106 km²; 3 675 innbyggjarar
- Verstkommune for reguleringa av Møsvatn (frå 1903) og for Tokke-verka (1959-1979) – 4,3 tWh.
- Søknad frå ØTB om ny konsesjon for Møsvatn-reguleringa til avgjerd i OED.
- Pågåande vilkårsrevisjon av Tokke-utbygginga.
- Vinje var blant initiativtakarane til LVK, og er framleis aktiv deltakar.
- Dette innlegget har ei vesentleg breiare referanseramme enn berre Vinje kommune, men avgrensar seg likevel til utbygging av vasskraft.

Plan Tokke



Tegnforklaring

- Dam
- Offentlig vei
- Kraftverk
- Regulerte magasin
- Vannmerke
- Regulering Tokke. Kgl. res. 8. februar 1957
- Vannveier
- Anleggsveier/Tiltaksveier



Utarbeidet av Statkraft/Eniro AS nov.2004
Sist revidert: 12. februar 2010



Framtidig utbygging

- Energidirektivet og sertifikatordninga legg opp til ein auke av energiproduksjonen tilsvarande tre Tokkeverk.
- LVK-landsmøtet om makstaksaka: Kommunane vil samarbeide konstruktivt for å nå måla om fornybar kraftproduksjon, men ikkje for ein kvar pris.
- Kommunalt nei til konsesjon vil i praksis hindre utbygging.
- Lokal mangel på aksept eller motstand i vertskommunane kan vera ei avgjerande hindring for å nå målet.



Kva skal til?

Kommunanes legitime krav i samband med kraftutbygging dreiar seg om

1. Kompensasjon for påførde ulemper
 2. Tilgang til ein rimeleg del av verdiskapinga
 3. Påverknad i planprosessane
- I hundre år har norsk vasskraftutbygging vori tufta på desse elementa, politisk og rettsleg.
 - Ei utvikling framfor ei avvikling av samarbeidet mellom utbyggjar, stat og kommune vil sikre at også den framtidige energiutbygginga får eit optimalt resultat for samfunnet som heilskap.
 - Kommunane vil likevel nøye vega føremonar og ulemper mot kvarandre – på eit anna grunnlag enn før.

Verdiane i landskapet

- Ressursane for framtidig utbygging ligg i det alt vesentlege der den eksisterande krafta er utbygd – i distriktskommunane.
- Dette er samfunn som
 - i høg grad er tufta på bruken av arealet;
 - også i framtida har færre alternativ til næringsutvikling enn sentrale kommunar;
 - opplever ei vedvarande svekking av busetnad, økonomi og sosialt miljø.
- Derfor er alle tema kring forvaltinga av areal- og naturressursane vitale og ofte konfliktfylte for distriktskommunane – både når det gjeld vern og utbygging.
- At reiselivet har overteke rolla som den viktigaste arealbaserte næringa i mange kommunar, aukar konfliktpotensialet i høve til naturinngrep både blant fastbuande og gjester.

Veksten i reiselivet har gjort at landskapet i seg sjølv er blitt ein viktig ressurs for utviklinga av næringsliv og lokalsamfunn.



Landskapskvalitetar som fjell og vatn blir stadig høgare verdsett både av fastbuande og tilreisande.



Friluftsliv og naturopplevingar er langt viktigare for livskvalitet og næringsliv i dag enn då dei eldre konsesjonane blei gjevne.





Tillitsskapande samarbeid

- Ei kvar kraftutbygging opprettar eit varig tilhøve mellom lokalsamfunnet (kommunen) og regulanten.
- Tilhøvet kan variere frå eit distansert hopehav til eit regelmessig og nært samarbeid.
- Eit godt samarbeid om felles oppgåver og mål er til beste for både partar, og gjev eit godt grunnlag for kommunal velvilje når nye prosjekt kjem opp.
- Så vel vilkårsrevisjonar som fornying av gamle konsesjonar kan både utvide og tære på kapitalen av velvilje.
- Det er ei utfordring at kommunane gjennom ny PBL har fått ein svekka posisjon i spørsmål som gjeld energisaker.



Nærare om *ulempekompensasjon*

- Ulemper kan reduserast gjennom tekniske tiltak.
- Der dette ikkje er mogleg, er det lang tradisjon for å yte økonomisk kompensasjon (konsesjonsavgifter og fondsavsetjingar).
- Moderne konsesjonar tek vesentleg betre omsyn til naturmiljøet (økologi og estetikk) enn eldre konsesjonar.
- I den grad omsynet til kraftbalansen talar i mot å føre miljøstandarden (t.d. når det gjeld minstevassføring og manøvreringsreglement) i eldre utbyggingar opp på nivå med moderne, bør vilkårsrevisjonane kunne opne for økonomisk kompensasjon i form av fond.

Nærare om fordelinga av verdiskapinga

- Juridisk: Norsk lov og rettspraksis slår fast at kommunane har eigarskap til verdiane som kraftkjeldene representerer. Slik bør det òg vera!
- Politisk: Verdiskapinga som krafta generer, skjer hovudsakeleg (men ikkje berre!) i sentrale strom, og forsterkar presset i retning av økonomisk og demografisk sentralisering.
- Dei fleste vertskommunane er karakteriserte av stort areal, lågt og stadig minkande innbyggjartal, spreidd busetnad og store kostnader til drift av skular, helse- og omsorgstenester.
- I mange kommunar vil inntektene frå kraftproduksjonen vera det viktigaste grunnlaget for å halde oppe eit akseptabelt nivå av offentlege tenester, og dermed folketalet.





Oppsummering

- Motivasjonen i kommunane til å delta i ny vasskraftutbygging vil i stor grad vera påverka av erfaringane med tidlegare utbyggingar. Kraftbransjen bør engasjere seg som ein viktig aktør i det daglege arbeidet for å utvikle lokalsamfunnet der dei har produksjonen sin.
- Miljøomsyna er blitt langt viktigare for lokalsamfunna no enn tidlegare. Kommunane og miljøorganisasjonane vil i stor grad ha felles interesser. Også kraftbransjen legg eller bør leggje avgjerande vekt på miljøet.
- I samband med vilkårsrevisjonane bør NVE og OED akseptere fondsavsetjingar som kompensasjon for ulemper som ikkje kan bøtast gjennom tekniske tiltak. Fonda kan t.d. nyttast til ålmenne miljøtiltak og tiltak for næringsverksemdar som er knytte til landskapskvalitetane.
- Makstaksaka er prinsipielt og reelt overordna for kommunane. Skattetaket verkar tungt demotiverande i høve til framtidige utbyggingsprosjekt. Dersom ikkje taket blir fjerna, vil kraftbransjen ha langt sterkare insentiv for vidare utbygging enn det kommunane har.

A wide, powerful waterfall cascading over dark, rocky terrain under a cloudy sky. The water is white and turbulent as it flows over the rocks, creating a misty spray. The surrounding landscape is rugged and covered in dense green vegetation. The sky is filled with heavy, grey clouds, suggesting an overcast day.

Argehovdfossen i Kvenna, eit av dei få uregulerte vassdraga i Vinje kommune.